

Julegåveinnsamling også i år.

19.11.2017



Marcus Ousdal starta opp det flotte tiltaket saman med mora då han var 5 år.(Arkivfoto: Kvinnheringen)

I 2013 starta då 5 år gamle Marcus Ousdal i Omvikdalen ein aksjon saman med mora Diana. Dei organiserte innsamling av julegåver til folk som trong litt ekstra til jul. Dei 3 første åra administrerte dei aksjonen og gjorde alt arbeidet med hjelp av venner. Tiltaket vart svært stort og populært, og i fjar overtok Kvinnherad Frivilligsentral administreringa av det.

Også i år vert dette flotte tiltaket gjennomført. Som i fjar er det Kvinnherad Frivilligsentral som administrerer det, og vi har alle mulighet til å bidra med gåver. Responsen har allereie vore god også i år. I samband med innsamlinga har leiar for Kvinnherad Frivillegesentral, Veronica Thorkildsen Thorsen, sendt ut denne meldinga:

#### **Julgåveaksjon:**

Kvinnherad frivilligsentral har i lag med frivillige personar skipa ei julegåveaksjon for folk som treng det i Kvinnherad. I fjar kom det inn over 250 gåver og me veit at givergleda i Kvinnherad er stor, og at det er mange som ynskjer å bidra til at andre skal ha det litt betre. Me ynskjer derfor å invitere dei som har rom for det og lyst til å gi ei julegåve. Me har eit samarbeid med blant anna eining for barn og familie, NAV, Eining for integrering og opplæring og rus- og psykiske helsetenester.

Dersom du ynskjer å bidra, kan du kjøpe ei gåve, pakke den inn og merke den med kjønn og alder, evt. størrelse (vaksne) - pakkane kan du levere på frivilligsentralen etter avtale. Du kan sjølvsagt levere gåver til dei du ynskjer, men me har også ei liste over dei som treng det. Gi oss ei melding anten her på facebook-sida til Kvinnherad Frivilligsentral eller på tlf 900 76 543 så får du utlevert alder og kjønn.

Med ynskje om ei fredfull jul og eit godt nytt år!

Ps! Del gjerne denne meldinga så når me ut til fleire

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen

